



MØTEPROTOKOLL.

- Konstituerande møte i Verdsarvrådet (VAR) for Vestnorsk fjordlandskap.

Stad:	Vestland fylkeskommune – Vestlandshuset. Vestre Strømkaien 13, 5008 Bergen. Møterom/ utvalssal: Folgefonna.	Dato:	27. februar 2024.
Tlf./ e-post	95 17 25 95 / erling@naroyfjorden.no	Møtetid:	09.20 – 14.20.

Funksjon:	Namn:	Repr:	Møtt
Medlem	Terese Jemtegård Moen	Ordfører Fjord kommune	Ja
Medlem	Kjell Bøe Bjørgum	Ordfører Aurland kommune	Ja
Medlem:	Roy Egil Stadheim	Ordfører Vik kommune	Nei
Medlem:	Audun Mo	Ordfører Lærdal kommune	Ja
Medlem:	Einar Arve Nordang	Ordfører Stranda kommune	Ja
Medlem:	Benedicte Kragh	Varaordfører Voss herad	Nei
	Tonje Såkvitne	Ordfører Voss herad	Ja
Medlem:	Anders Riise	Fylkesordfører Møre og Romsdal fylkeskommune (Til kl. 12.10)	Ja
Medlem:	Jon Askeland	Fylkesordfører Vestland fylkeskommune	Ja
Medlem:	Frank Madsøy	Statsforvaltaren i Møre og Romsdal	Nei
	Ragnhild Naug Aas	Statsforvaltaren i Møre og Romsdal	Ja
Medlem:	Kjell Kvingedal	Statsforvaltaren i Vestland	Ja
	Liv Signe Navarsete	Statsforvaltar, Vestland	Ja
Observatør:	Gaute Sønstebø	Miljødirektoratet	Ja
	Terje Qvam	Miljødirektoratet	Nei
Observatør:	Ole Søre Eriksen	Riksantikvaren	Ja
	Hanna K. Geiran	Riksantikvar (Til kl. 12.45)	Ja
Observatør:		Klima- og Miljødepartementet	Nei
Observatør:	Linda Bruås	Sjøfartsdirektoratet	Ja
Observatør:	Kristoffer Ullern-Hansen	SNO Aurland	Nei
Observatør:	Fredrik Gustavsen	SNO Geiranger	Nei
Observatør:	Jorunn Vallestad	Verneområdeforvaltar Nærøyfjorden	Ja
Observatør:	Ingvild Hansen Nystad	Verneområdeforvaltar Geiranger – Herdalen	Ja
Bisitjarar:	Magnhild Aspevik	Lærdal og Aurland kommune (landbruk)	Nei
	Anja Marken	Aurland kommune	Ja
	Karen Weichert	Vik kommune	Ja
	Torbjörg Austrud	Voss herad	Nei
	Anne Arneberg	Voss herad	Ja
	Inge Bjørdal	Stranda kommune	Ja
	Bjørn Inge Ruset	Fjord kommune	Ja
	Arlen Synnøve Bidne	Vestland fylkeskommune	Ja
	Hallvard Trohaug	Vestland fylkeskommune	Nei
	Hilde Arna Tokle Yri	Møre og Romsdal fylkeskommune	Ja
	Jorunn Mittet	Statsforvaltaren i Møre og Romsdal	Nei
	Tom Dybwad	Statsforvaltaren i Vestland	Nei
Sekretariat Geirangerfj.	Katrin Blomvik Bakken	Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv (SGV)	Ja
Sekretariat Nærøyfj.	Erling Oppheim	Nærøyfjorden Verdsarvpark (NVP)	Ja

Kl. 09:20	Innleiing og informasjon om verdsarven Vestnorsk fjordlandskap	
	Visuelle «ord» for dagen.	Visning av informasjonsfilmen om Vestnorsk fjordlandskap, ein del av den nasjonale basisutstillinga om verdsarven i Noreg.
	Videohelsing til Verdsarvrådet.	Klima- og miljøminister Andreas Bjelland Eriksen helsar Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap. Helsing frå Ellen Hambro, direktør for Miljødirektoratet, låg ved utsendinga til rådsmøtet
	Velkomen til Bergen og Vestlandshuset!	Fylkesordførar Jon Askeland ynskte møtelyden velkomen og innleia kort om Vestland fylke – Verdsarvfylket - sitt tilhøve til verdsarven.
	Opning av møtet i Verdsarvrådet.	Leiar av verdsarvsekretariatet ynskte medlemmane velkomen til konst. møte. Gjennomførte opprop/ registrering av frammøtte og orienterte samstundes om motteke innspel frå kommunane Fjord og Stranda om endra gjennomføring av saklista.
VF 01/24	Konstituering av Verdsarvrådet m.v.	
<p><u>Dok. som låg ved utsending:</u></p> <p>- Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap: Samarbeidsorgan for Vestnorsk fjordlandskap – retningsliner for arbeidet.</p> <p>Det låg føre ei kort og innleiande saksutgreiing frå verdsarvsekretariatet med fylgjande</p> <p>Framlegg til semje: Saka vert fremja utan til tilsråding frå sekretariatet.</p> <p><u>Handsaming:</u> Møtelyden drøfta det som låg føre. Tok og stilling til Stranda og Fjord kommunar sitt ynskje om å flytte fram VF 08/24 på saklista. Etter eit kort ordsifte og munnlege innspel frå Audun Mo og Terese Jemtegård Moen slutta medlemmane seg i denne saka til fylgjande</p> <p>Samrøystes semje: - Leiar av Verdsarvrådet for åra 2024-2025: Ordførar Kjell Bøe Bjørgum, Aurland kommune. - Nestleiar av Verdsarvrådet for åra 2024-2025: Ordførar Einar Arve Nordang, Stranda kommune. - Arbeidsutval (AU) for åra 2024 – 2025: Leiar, nestleiar og verdsarvsekretariatet. - To medlemar til å skrive under møteprotokollen: Audun Mo og Kjell Kvingedal. Hovudsekretariat vert for same periode og i samsvar med praksis og retningsliner overført til stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark.</p>		
VF 02/24	Innsikt og opplæring for medlemmane av Verdsarvrådet.	
<p><u>Dok. som låg ved utsending:</u></p> <p>- ingen, eigne presentasjonar lagt fram i møtet.</p> <p>Riksantikvar Hanna K. Geiran, Ole Sjøe Eriksen, Riksantikvaren og Gaute Sønstebø, Miljødirektoratet gav ei grunnleggande innføring om Verdsarven Vår: Om internasjonale forpliktingar - nasjonale ambisjonar – lokale verktøy. Organisering og roller.</p> <p>Framlegg til semje: Verdsarvrådet tek orienteringa til vitande og oppfylging.</p> <p>Samrøystes semje: Verdsarvrådet tek orienteringane til vitande og oppfylging.</p>		

VF 08/24	Områderegulering Raudbergvika Landbasert Oppdrett – World Heritage Salmon
<p><u>Dok. som låg ved utsending:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Framlegg dagsett 15.02.24. frå kommunane Fjord og Stranda til sak og vedtak til behandling i møte i Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap 27.02.2024. - Merknad dagsett 20.02.24. frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal til kommunane Stranda og Fjord sitt ynskje om ny handsaming av VAR si fråsegn til områdereguleringsplan for Raudbergvika. <p><u>Laqt fram/ presentert i rådsmøtet:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - PPT/ saksinnlegg ved Terese Jemtegård Moen, ordførar Fjord kommune. <p>Det låg føre ei kort <u>orientering</u> frå verdsarvsekretariatet med fylgjande</p> <p>Framlegg til semje: Verdsarvrådet tek framlegget frå kommunane Stranda og Fjord kommune om endra uttale til områdeplan Raudbergvika til førebels vitande.</p> <p><u>Handsaming:</u> Verdsarvrådet slutta seg samla til, sjølv utan oppdatert saksutgreiing frå sekretariatet, kommunane Fjord og Stranda sitt ynskje om ny handsaming av VAR si fråsegn til områdereguleringsplan for Raudbergvika. Ordførar Terese Jemtegård Moen, Fjord kommune, presenterte for rådet kommunen si vurdering og syn på saka. Nokre av medlemane heldt fram at dette var ei sak, som med sitt innhald/ omfang/kompleksitet og uavklarte tilhøve til forvaltninga, burde utsetjast til eit seinare rådsmøte. Andre medlemar hadde varierende oppfatning av korvidt tiltaket er planlagt gjennomført i verdsarven eller ikkje.</p> <p>Møtelyden drøfta det som låg føre. Ordføraren i Fjord kommune fremja i møtet eit nytt framlegg til revidert fråsegn: «Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap (VAR) meiner at saka om områderegulering for Raudbergvika Landbasert Oppdrett – World Heritage Salmon er godt nok utgreidd på dette stadiet i planprosessen. Ut frå eit heilskapleg omsyn vil områdeplanen, slik den no ligg føre, ikkje vil vere til hindring for ivaretaking og fremjing av verdsarvstatusen som er tildelt Geirangerfjord og Nærøyfjordområdet i fellesskap.»</p> <p>Statsforvaltarane i Vestland/ Møre og Romsdal tok dissens; heldt fram at ei ny handsaming av saka no ville vere uheldig/prematurt. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal synte til sine merknader dagsett 20. februar som grunnlag for sitt syn og standpunkt til VAR si handsaming av saka. Etter ei tid med ordskifte samla likevel eit <u>fleirtal</u> av medlemane (Kommunane Aurland, Lærdal, Stranda, Fjord og Voss herad samt Vestland fylke/ Møre og Romsdal fylke) om fylgjande revidert</p> <p>Fråsegn: «Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap (VAR) meiner at saka om områderegulering for Raudbergvika Landbasert Oppdrett – World Heritage Salmon er godt nok utgreidd på dette stadiet i planprosessen. Ut frå eit heilskapleg omsyn vil områdeplanen, slik den no ligg føre, ikkje vil vere til hindring for ivaretaking og fremjing av verdsarvstatusen som er tildelt Geirangerfjord og Nærøyfjordområdet i fellesskap.»</p>	
VF 04/24	Prosjekt Fellesgodefinansiering (FGP)
<p><u>Laqt fram/ presentert i rådsmøtet:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - presentasjon frå prosjektleiar Ståle Brandshaug. <p>Prosjektleiar Ståle Brandshaug, 2469 Reiselivsutvikling, orienterte om status og vidare framdrift i satsinga.</p> <p>Det låg frå verdsarvsekretariatet fylgjande</p>	

Framlegg til semje:

Verdsarvrådet tek orientering til vitande. Samstundes vert rådet sine medlemar sterkt oppmoda om å framsnakke gjennomføringa av FGP-piloten hjå politikarane på Stortinget.

Samrøystes semje:

Verdsarvrådet tek orientering til vitande. Samstundes vert rådet sine medlemar sterkt oppmoda om å framsnakke gjennomføringa av FGP-piloten hjå politikarane på Stortinget.

VF 05/24 | Val av repr. for Verdsarvrådet til styringsgruppa for FGP-prosjektet.

Det låg føre ei kort orientering frå verdsarvsekretariatet med fylgjande

Framlegg til semje:

Saka vert fremja utan tilråding frå sekr.

Handsaming:

Møtelyden drøfta det som låg føre. Etter eit kort ordskifte og munnlege innspel frå medlemane slutta rådet seg til fylgjande

Samrøystes semje:

Verdsarvrådet vel *Einar Arve Nordang, Terese Jemtegård Moen og Benedicte Kragh* som nye repr. til styringsgruppa for prosjekt Fellesgodefinansiering.

VF 03/24 | Om Sjøfartsdirektoratet.Lagt fram/ presentert i rådsmøtet:

- presentasjon/PPT frå Linda Bruås.

Avdelingsdirektør Linda Bruås orientert rådet om Sjøfartsdirektoratet sine oppgåver og mandat samt tilsyn og regelverk for verdsarvfjordane.

Det låg frå verdsarvsekretariatet fylgjande

Framlegg til semje:

Verdsarvrådet tek orienteringa til vitande.

Samrøystes semje:

Verdsarvrådet tek orienteringa til vitande.

VF 06/24 | Regional plan for Vestnorsk fjordlandskap.Dok. som låg ved utsending:

- Oppsummering frå innleiande møte den 19.12.23.
- Kopi av RA sin presentasjon i møte 19.12.23.

Katrin Blomvik, verdsarvsekretariatet, orienterte om status og vidare framdrift i planinitiativet.

Framlegg til semje:

Verdsarvrådet tek orienteringa til vitande.

Samrøystes semje:

Verdsarvrådet tek orienteringa til vitande.

VF 07/24 | Kulturlandskapet i Vestnorsk fjordlandskap.Lagt fram/ presentert i rådsmøtet:

- presentasjon/PPT frå Inge Bjørdal. .

Næringssjef Inge Bjørdal, Stranda kommune delte forvaltninga sine erfaringar med ny tiltaksplan for Geirangerfjord – og Nærøyfjordområdet.

Framlegg til semje:

Verdsarvráðet tek orienteringa til vitande.

Samrøystes semje:

Verdsarvráðet tek orienteringa til vitande.

Kl. 14:20**Møteslutt og heimreis.**

SIGNATURES**ALLEKIRJOITUKSET****UNDERSKRIFTER****SIGNATURER****UNDERSKRIFTER**

This documents contains 5 pages before this page

Dokumentet inneholder 5 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 5 sivua ennen tätä sivua

Dette dokument indeholder 5 sider før denne side

Detta dokument innehåller 5 sidor före denna sida

authority to sign

representative

custodial

asemavaltuus

nimenkirjoitusoikeus

huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt

firmateckningsrätt

förvaltare

autoritet til å signere

representant

foresatte/verge

myndighed til at underskrive

repræsentant

frihedsberøvende